

60 år sidan fyrste kappleikane i Vestmannalaget.

Av Arne Bjørndal.

Det er no på lag 75 år sidan me hadde dei tidlegste kappleikane. Dei gjekk for seg først i 1880-åri. Det var i Hallingdal og Telemark. Men då var det tevling berre på primitive instrument, lur, langeleik og prillarhorn. Det var først seinare at fela kom med, og berre hardingfela. Dei første kappleikane på dette instrumentet vart haldne i Bø i Telemark i åri 1888 og 1892. Dette var tevlingar av meir lokalt slag. Men det var dei store landskappleikane i Vestmannalaget i Bergen som for alvor sette ny kveik i det nasjonale felespelet som då heldt på å verta øydelagt av nye danse- og slätteformer (runddansen). Det var soleis på høg tid at desse vidspurde kappleikane kom.

Det var ein av medlemene i Vestmannalaget, ein sogning heitte Arnfinn Johannessen, som gjorde opptaket. Denne mannen som og vart kalla Arnfinn på Kjellaren (d. 1917) var ein personleg ven av A. O. Vinje, og han komponerte ein vakker melodi til Ved Rondane. På eit møte i laget orda han om at Vestmannalaget burde få til kappleikar i felespel. Lagslyden var samd i det, og den 24. april 1896 — also no for 60 år sidan — finn me denne lysingi i bladet:

«Kappleik paa Hardingsfela.»

Av Vestmannalaget er uppsett 100 Krunor til Premiar for Landsfolk som spela Hardingsfela, og som vilja møta fram i Bergen og kappast um desse Premiarne :

Fyrste Premien er sett til kr. 50,—
andre Premien er sett til kr. 30,—
tridje Premien er sett til kr. 20,—

men dei kunna og skiftast noko onnorleids etter som Domsnemndi fyrefinn. Domsnemnd er Herrarne : Dispachør Frants Beyer, Konsul John Grieg og Kapellmeister Johan Halvorsen. Kappleiken byrjar kl. 7 um Kvelden Laurdag den 18de Mai i Vestmannalaget. Dei, som vinna, maa spela kvar sin Slaatt paa National-Festen, som Vestmannalaget held den 17de Mai fraa Kl. 7 um Kvelden i Logen, og der faa dei Premiarne sine. Landsfolk som vilja vera med i Kappspelet, maa segja fraa til Kand. Joh. Lavik i

som lam i venstre armen, men ikkje verre enn at han kunne spela. Han spela ein gong på ein 17.-maifest på Ulvdalsøyene, det er vel over 40 år sidan no. Det møtte då fram so ustyrteleg mykje folk, jamvel lesarar, for å høyra han spela. Då spela han so høgt at dei vel kunne danse etter spelet hans uppi tunet på Trestegarden. Skjellerud'n var forsiktig med å drikke seg full, det hende mest aldri. Og orden ville han ha i lagi. «Vil de kje vera rolege og vera folk, so kastar eg fela og alt saman», sa han, når dei tok te bråke. «Det er moro me skal ha no, og ikkje rive og klore kvarandre.»

Skjellerud'n leika ofte på Kongsbergmarken, på Forbergsalen, der «Fjelltrampen» då var. Han spela saman med gamle Kleven frå Krødsherad, han var so fær til å ture, han.

«Bergens Tidende». (Torleiv Hannaas : Vestmannalaget i femti år. Bergen 1918 s. 135).

Endå so stutt tid det var frå utlysingi og til kappleiken, melde det seg tjue mann. «Det viste seg no — som det alltid har vist seg sidan og — at spelemennerne hadde full tiltru til desse kappleikarne i Vestmannalaget.»

Denne første kappleiken vart halden i Urdi hjå den landskjende kunstnaren, målaren Olav Rusti. Bolette C. Pavels Larsen hev gjeve ei livande skildring av denne kappleiken i «Folkebladet» 1896, nr. 18 :

Lørdagen den 16de Mai om Eftermiddagen kunde man se Folk flokke sig smaat sammen og sætte i Baad over Puddefjorden. Enkelte havde rose malte Nistetiner med, men der var Folk i Vadmelksklæder og Bydamer med Pariserhatta om hinanden. Indimellem de øvrige kunde en og anden Bondemand sidde paa Toften og ligesom værne om noget i en sort Bylt, som han holdt dulgt under Armen. De Omkringsiddende lod som lagde de ikke Mærke til det, men alle skjønte de, at Bylten var en Hardangerfele, og at Manden var en af de fremmødte Spillemænd. Disse smaa Flokke af Folk var nemlig Vestmannalagets Medlemmer, som skulde overvære «Kappleiken».

«Under den mest spændte Taushed sad man der og lytted til disse eiendommelige norske Slaatter, der paa Hardangerfelen faar en saa underlig Klang, at Taarerne kommer en i Øninene. Tonen ligesom hvirvles blindt rundt og rundt og rundt igjen, og selv den kaadeste Danseslaat har denne vemodsfulde Klangfarve til Grundtone. Undertiden — sædvanlig i anden Afdeling — bliver Motivet smeltende og dragnende fint og paa same Tid mere lidenskabeligt, ja, saa ubeskriveligt indtrængende i Gjentagelserne, at man simpelthen overvældes, overgiver sig paa Naade og Unaade, giver sig Stemninger ivold, slig at en forstaar Sagnet om Fossegrimmen, som kunde faa Folk til at rende bent i Fossen, naar han lokked med disse Toner.»

Det var noget af det stemningsfuldeste, man kan tænke sig, at sidde der, mens Tusmørket sneg sig ind i disse fantastisk smykkede Rum, at sidde der og høre paa de mange forskjellige gamle Feleslaatter, bragte forskjelligt frem efter Forskjelligheden i hver Enkelts Temperament.»

«Om Præmievinde bare et Par Ord. *Sjur Helgeland* fra Vossestrandens, der vandt første Præmie, er, efter Domsmændenes Sigende, rent et Geni. Han har, som man ser, et prægtigt Ansigt, er en ægte Vosse-type. Han er godt kjend af mange Bergensere, men blandt dem der sætter Pris paa ham, maa det være nok at nævne bare et Navn, der veier alle de andres op : Edvard Grieg. Præmievinde No. 2, Søndfjordingen gamle *Lundakvammen*, taler for sig selv. No. 3, *Nils Tjoflaut* fra Utne i Hardanger, rank i Holdning og rask i Bevægelse, er Typen for den moderne unge Hardangerbonde. Han har Bysnit i Klæderne — ligesom de allerfleste desværre — men han taler sin Dialekt smukt, han elsker sin Kunst med Lidenskab og sætter den saare højt.»

Denne unge gaverike spelemannen var med på *ein kappleik* til. Men so var hans tid ute. Han drukna i Hardangerfjorden sumaren 1898 paa heimferd frå eit brudlaup.

Attaat desse tri fekk *Andres K. Stedje* fraa Dale ein umfram-premi.

«Domarane let vel um spelet, dei og. Ja, dei vart reint upp i under yver den rikdomen av gode gamle slaattar dei fekk høyra. Dei hadde ikkje trutt at norsk tonekunst hadde halde seg so rik og rein i bygderne vaare. Men her fekk dei vissa for det. Og fegne vart dei. «Herregud», sagde ein av deim, «her lever jo det gamle spil rundt omkring os endnu paa Vestlandet!» (Hannaas. Vestmannalaget s. 139).

Den 17. mai var det feststemna i Logen med meir enn tusen tilhøyrarar. Og ingen ringare enn diktauren Per Sivle heldt talen for dagen. So kom spelemennene fram. Alle vart vel fagna for spelet sitt. Mest klapping fekk Sjur Helgeland, Voss, og Gunnar Lundekvam, Sunnfjord, som då var 81 år gammal. På fremste benken sat Edvard Grieg. Han gledde seg inderleg over at dei gamle norske slåttane kom til heider og æra att. Frants Beyer, Grieg sin beste ven, held ein fin tale for norsk tonekunst.

Den fyrste kappleiken i Vestmannalaget varsla om ei ny framvokstertid for felemusikken vår. Mange av spelemennene hadde lagt fela på hylla av di dei meinte at slåttane var for «simple», — dragspelet og runddansen var so mykje grummare må vita! Men etter denne kappleiken vart felene henta fram att. Dei såg no at det gamle spelet var verdfullt og vart vel motteke jamvel i byen. Dei unge tok til å læra hjå dei som framleis dyrka den gamle bygdemusikken, og ei ny og rik framvokstertid tok til.

At denne fyrste kappleiken i Vestmannalaget var vellukka, var det ingen tvil om. Alt året etter lyste laget ut ein ny kappleik i Bergen, og det melde seg ikkje mindre enn 48 spelemenn, skifte på mest heile landet der dei dyrka hardingfelemusikken. Spelemennene vart delte i to grupper etter alderen, dei som var under 22 år og dei som var eldre. Med same lukka heldt dei seinare kappleikane i Vestmannalaget fram. Den siste vart halden året 1914. Men å skriva om dei alle vilde sprengja råma for denne artikkelen. Det kan kor som er ha si interesse for lesarane av Spelemannsbladet å ta med dei spelemenn som fekk 1. premi på desse kappleikane. Det var desse: Sjur Helgeland 3, Olav Moe 3, Aslak Lundtveit 2, Gunnulf Borgen 1, Ketil Flatin 1, Haldor Meland 1, Arne Bjørndal 1. Dette var i eldste klasse.

I yngste klasse fekk desse 1. premie: Lorentz Hop 3, Jens Lønnebotn 1, Tobias Tveiten 1, Olav Urdal 1 og Arne Bjørndal 1.

Det er å merka seg at dømingi på desse kappleikane var svært streng. Det var som nemnt berre 2 klassar, og det hende fleire gonger at det ikkje vart gjeve 1. premi i yngste klasse (1902 og 1904). I 1914, siste kappleiken i Vestmannalaget, fekk av 20 fram-møtte spelemenn ingen 1. premi.

Det kunde vera freistande å skriva ei heil utgreiing om kappleikane i Vestmannalaget, både i spel og dans, og kva verd dette fekk for nasjonalmusikken og nasjonaldansen vår. Dei er uløysande saman-bundne som tradisjonelle kulturfaktorar av det mest

ekte og reine slaget, og der norsk fokelynde, kjensleliv, humor og sprekleik får sine mest spontante uttrykksformer.

I samband med kappleikane i Vestmannalaget i Bergen vil det kan henda vera på sin plass å nemna noko om kva Vestlandet har hatt å seia for vår kulturelle framvokster på området norsk folke-musikk.

Alle veit me at nasjonalinstrumentet vårt, hardingfela, hadde si vogga her vest, og kva dette fekk å seia for framvoksteren av slåttemusikken, estetisk, kulturelt og kunstnerisk, er meir enn storveges.

Den eldste oppskrift av ein norsk slått vart høyrd og oppteikna på Vestlandet, året 1695, like eins dei tidlegaste prent av både instrumental og vokal norsk folkemusikk, utkomme i Paris 1780 av franskmannen Jean Benjamin de Laborde. I 1850 skreiv Carl Schart opp 8 slåttar etter Myllarguten, dei kom ut i Bergen 1865. Og i 1850 var det at Ole Bull henta Myllarguten til Bergen for å spela ved opningi av Det Norske Teater. Frå 1908 tok eg til å gje ut slåtteseriane Norske slåttar og Gamle slåttar, i alt 100 nr. Året 1924 vart Landslaget for spelemenn skipa i Bergen. Og i 1927 vart hardingfela og *originale slåttar* på dette instrumentet godtekne og hylla som musikkform i det heimskjende symfoniorkesteret «Harmonien» i Bergen.

Ved Festspillene i Bergen som tok til i 1953, fekk hardingfela og slåttemusikken ein heidersplass, og i 1956 set desse festspeli opp ein heiderspris for fremste spelemannen på hardingfela. Endeleg kan nemnast at opptaket til Fondet for norsk folke-musikk kom frå Vestlandet, og at me her har den største og rikaste samlingi av slåttemusikk og tradi-sjonsstoff knytt til han. Det er som me ser mykje av norsk folkemusikktradisjon som peika vestetter. Men elles har heile folket vore med i denne dugnaden for vår gamle musikkultur.

Me kan sjå attende til ei tid med trauste tak for fremjing av folkemusikken. Mange minnerike hende stig her fram, og ein av dei traustaste merkestiane på dette kulturområdet er 60-årsminnet for fyrste kappleiken i Vestmannalaget.

Lydbandapparat

bør alle musikkintereserte skaffa seg.

Alle merker — Greide vilkår

Skriv til

Torgeir Fennefoss, Hornnes
MUSIKKINSTRUMENT